

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Johan Tjøland
Arkivsaksnr.: 17/114 - 5

Arkiv: M10

Planlagt behandling:

Hovudutval for lokal utvikling

HOVUDPLAN FOR VATN, AVLØP OG VASSMILJØ 2019 - 2028

Bakgrunn for saka

Kommunestyret i Klepp vedtok den 22.06 2009 Hovedplan vann og Hovedplan avløp. Desse to dokumenta la grunnlaget for arbeidet med vatn og avløpstiltak fram til 2020.

I den kommunale planstrategien for kommunestyreperioden 2015 – 2019, der overordna plan for avløp og vassforsyning er definerte som viktige planar, er det vedteke at desse planane skal reviderast i kommunestyreperioden.

Vassmiljø var ikkje eit tema i gjeldande hovudplan avløp. Ein har valt å inkludera det i denne revisjonen med bakgrunn i at arbeidet innan avløpssektoren har direkte innverknad på kvaliteten i vassførekomstane.

Arbeidet med revisjon av gjeldande hovudplanar starta i 2016. Til grunn for arbeidet ligg blant anna:

- Kartlegging av alder og tilstand på leidningsnett og tilhøyrande komponentar
- Gjeldande kommuneplan med tanke på å sjå på framtidige utbyggingsområde og behov for vatn og avløp til desse
- Status på vassmiljø i dei ulike vassførekomstane i kommunen
- Auka nedbør som følgje av endra klima og konkrete nedbørshendingar i nabokommunane
- Krav frå mattilsynet med bakgrunn i drikkevassforskrifta
- IVAR sine investeringar innan vatn og avløp

I korte trekk fokuserer planen på dette for dei ulike fagområda:

Vassmiljø

Når det gjeld vassmiljø har ein valt å fokusera på tilstand i dei ulike vassførekomstane. Tilstanden er dokumentert gjennom overvåkingsprogram i regi av Jæren vannområde. Tiltak for å betra vassmiljøet går på tvers av mange avdelingar og ansvarsområde. Ein har derfor valt å fokusera på dei tiltaka som kommunalteknisk avdeling har ansvar for, nærare bestemt kloakkering i spreidd busetnad. Hovudplanen legg opp til kloakkering av om lag 200 nye bustader i planperioden. Med bakgrunn i tilstand har ein prioritert bustader i nedslagsfeltet til Orrevassdraget og Salteånå.

Vassforsyning

Innan vassforsyning har ein lagt vekt på å auka dekkinga av brannvatn, betra materialkvaliteten på vassleidningane, redusera lekkasjeprosenten og styrka hovudstrukturen i nettet. Hovudstrukturen er definert som dei vassleidningane som er kritiske med omsyn på å oppretthalda tilstrekkeleg vassforsyning i heile kommunen tilpassa framtidig behov som vist i gjeldande kommuneplan. Det er i dag område i kommunen som er sårbare ved leidningsbrot og det er manglande dekking av brannvatn i delar av kommunen. Samstundes vil ein erstatta siste rest av asbestleidningar.

Avløp

På avløpssektoren har ein lagt vekt på å betra kapasiteten på nettet med tanke på å tilpassa den til framtidig behov som vist i gjeldande kommuneplan. I tillegg lekk det om lag 50% overvatn inn i avløpsnettet. Dette medfører at ein ikkje greier å oppretthalda reinsekrava på Bore reinseanlegg og det representerer også ei ekstra utgift for Klepp kommune. Tiltaka som er skisserte i hovudplanen vil bidra til å redusera denne innlekkinga.

Overvatn

Når det gjeld overvatn, er det utført eit større analysearbeid for å kartlegga om leidningar og vassvegar er rusta for framtidige nedbørmengder. Ein har brukt flaumen i Hå kommune 2014 som eksempel og lagt opp til å dimensjonera overvannsnettet til å handtera tilsvarande nedbørmengder.

Vurdering

Vassforsyning og avløpsbehandling er blant dei kommunale primæroppgåvene. Vass og avløpssektoren har forsyningsmessig samfunnsansvar, forankra i EU sitt vass- og avløpsdirektiv samt nasjonale lover og forskrifter. Mattilsynet og fylkesmannen er tilsynsmyndigheiter for henholdsvis vassforsyning, avløpsanlegg og arbeid med vassmiljø.

Hovudplanen skal vera ein kommunal temaplan med et lengre tidsperspektiv. Det er naudsynt med ein relativt lang planperiode sidan komponentar i VA nettet gjerne har ei levetid på hundre år eller meir. Tiltaka som er lagt inn i planen strekker seg over ein periode på 10 år, frå 2019 – 2028. Tiltaka representerer kostnader på om lag 213 millionar i investering og 136 millionar i driftstiltak

Med tanke på at investeringsnivået også er avhengig av eksterne faktorar, så som lønns og prisutvikling, utvikling i rentenivå, endringar i gebyr frå IVAR, endring av lover og forskrifter og klima, vil det vera naudsynt å revidera tiltaksdelen av hovudplanen kvart fjerde år og gebyrberekningane kvart år i samband med økonomiplanarbeidet.

I Klepp ligg det til grunn av vass og avløpstenestene skal vera sjølvfinansierande. Det vil seia at dei kommunale gebyra som innbyggjarane betaler skal dekkja utgiftene til drift og investeringar innan vass og avløpssektoren.

Hovudplanen legg opp til ei betydeleg auke i drift og investeringstiltak samanlikna med førre planperiode. I grove trekk skuldast dette at ein no må henta inn auka etterslep på drifta, og auka investeringane for å møte klimautfordringane og sørga for sikrere vassforsyning. Dette medfører og at dei kommunale gebyra må aukast. Dersom ein kun ser på effekten av auka drift og investeringstiltak i regi av Klepp kommune, vil vassgebyret for ein husstand som bruker 120m³ vatn i året, auka med 70 kroner i året frå 2025 til 2028. På avløp vil auken i gebyret vera meir jamn i planperioden, og samla utgjera ei auke på 670 kroner for denne husstanden.

Økonomiske konsekvensar

Økonomiske konsekvensar blir vurderte i rulleringa av økonomiplanen.

Vedlegg:

- Hovedplan for vatn, avløp og vassmiljø 2019 – 2028 med 8 vedlegg

Innstilling:

1. Forslag til hovudplan vatn, avløp og vassmiljø vert lagt ut til høyring med frist 20.11.2018

2. Rådmannen vert bedt om å leggja høyringsutkast til hovudplan, med eventuelle justeringar for innkomne høyringsinnspel, til grunn for utarbeiding av forslag til økonomiplan 2019 – 2022 og forslag til budsjett 2019.

Rådmannen i Klepp 10.10.2018

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ingen signatur.